

Kyrkjeposten *for Øvre Telemark*

Nr. 1— Januar 2015



Medan rakettane over Tuddal markerte det nye året oppstod det nye prostiet.

Øvre Telemark prosti ein realitet

Ved årsskiftet gjekk Aust-Telemark prosti og Vest-Telemark prosti inn i historien, medan nye Øvre Telemark prosti oppstod som prosti for ikkje mindre enn 12 telemarkskommunar.

Det var då prost Øyvind A. Jørgensen gjekk av som prost for eit drygt år sidan at Agder og Telemark bispedømmeråd sette i gang ein prosess for å få til ei prostisamanslåing her oppe. Etter ei omfattande høyring til alle kyrkjelydane og kommunane i området vart det gjort endeleg vedtak i bispedømmerådet i februar 2013, medan departementet si god-

kjenning kom i juni månad.

Det nye prostiet er i areal eit av dei største i landet. Ved samanslåinga tel prostiet 30 sokn, 50 kyrkjer, 23 prestar og om lag 100 fellesrådstilsette.

Prost Asgeir Sele i Aust-Telemark er tilsett som prost for det nye prostiet.

Prostirådet

Øvre Telemark prostiråd hadde sitt første møte i Seljord 13. desember.

Anund Sisjord vart valt som leiar og Olav Bjørn Bakken valt til nestleiar.

På biletet f.v.: Grete Vestby (Atrå), Olav Bjørn Bakken (Høydalsmo), Astrid O. Knudsen (Nissedal), Kristoffer Hoff (Seljord) Else Fugelsnes Metveit (Fyresdal), Hans Kristian Aabø (Kviteseid), Sveinung Eristein (Bø) og Anund Sisjord (Tuddal).



Soknesamanslåing

Etter høringsrunden om ny kyrkjeleg inndeling, vedtok bispedømmerådet 10. desember å tilrå to sokne-



samanslåingar i prostiet vårt: Rauland og Møsstrand til éitt sokn og Hjartdal, Tuddal og Sauland til éitt sokn.

Stiftsdirektør Tormod Stene Hansen (biletet) har no tilskrive dei aktuelle sokna om at det må haldast soknemøte om saka så snart som råd, slik at endeleg vedtak kan gjerast i bispedømmerådet i februar.

Tidlegare har bispedømmerådet vedteke to andre soknesamanslåingar frå komande soknerådsperiode: I Kviteseid vert det kun éitt sokn mot fire i dag. I Tinn-bygdene vert det også berre éitt sokn.

Ny kontor i Holla

Arnt Frode Strandskogen vert innsett som ny kontor i Holla og Helgen no i januar. Strandskogen kjem frå stilling som kontor i Nittedal, men er opprinneleg frå Drangedal.



Kyrkjevalet 2015

Førebuinga til kyrkjevalet er alt godt i gang med etablering av valråd og nominasjonskomité for bispedømmeråds- og kyrkerådsvalet. På felles møte for sokneråda 13. desember vart Olav Bjørn Bakken frå Høydalsmo valt til utsending frå sokneråda i Øvre Telemark. Sveinung Erikstein frå Bø vart valt til vara. På siste prestemøte før jul vart Rune Lia frå Lunde valt til utsending frå prestane i prostiet med Knut Bjørn Skyttemyr frå Nissedal som vara. Dei fellesråds-tilsette gjennomførte valet som epost-val. Deira utsending vart Marianne Moen med Gunnulf Sletta som vara, båe frå Notodden. Nominasjonskomitéen møttest i Kristiansand no i januar.

Val-kurs

Gjennomføringa av kyrkjevalet er også ei stor utfordring for det ein-skilde sokneråd og valstyre. For å kunne stå best mogeleg rusta for oppgåva får alle som skal stå sentralt i gjennomføringa tilbod om kurs i Seljord på kvelden 4. mars. Sokneråda får informasjon om kurset og påmeldingsinfo sendt direkte til seg.

Dagleg leiing

Dagleg leiing av soknerådet si verksemd vert hovedtema når prosten er på si årlege vitjing til sokneråda i 2015. Sokneråda som også er fellesråd har gode ordningar med kyrkjevjerja som dagleg leiar. Men ingen av dei andre sokna har så langt peika ut ein tilsett som dagleg leiar.

Fleire presteskifte



Jarle Bryne sluttar som sokneprest i Høydalsmo og Lårdal etter å ha fått ny soknepreststilling i Nidaros bispedømme. Bryne kom til prostiet vårt først som vikarprest i Kviteseid. Han hadde studentpraksis på sjukeheim i Tokke då prostidiakonen tok dette biletet av han. Sidan har han altså vore fast tilsett prest i Tokke. Søndag 25. januar held han si avskjeds-gudsteneste i Lårdal kyrkje kl. 11.00.

Stillingen som sokneprest i Tokke er no lyst ut med søknadsfrist i januar. Det same er soknepreststillingane i Bø og i Hjartdal.

Øyvind Mæland vert innsett som ny sokneprest i Fyresdal ved gudstenesta i Moland kyrkje 8. februar kl. 11.00.

Anne Inger Lunner vert innsett som ny sokneprest i Sauherad og Nes søndag 1. mars kl. 11.00. Same dag kl. 17.00 blir Kristin Fæhn innsett som ny sokneprest i Tinn.

Kyrkjeposten

Kyrkjeposten vert sendt ut på e-post til rådsmedlemmer, tilsette og andre interesserte i Øvre Telemark prosti.

Stoff til kyrkjeposten kan sendast til asgeir.sele@bokyrkje.no.

Prost Asgeir Sele redigerar bladet.